

GODTGJERSLE TIL EKSTERNE SENSORAR

Godtgjersle vert utbetalt til oppnemnde sensorar som ikkje er tilsett ved HVL (eksterne sensorar) i samsvar med KUF-rundskriv F-65-99 av 08.09.99.

Løn og grunnhonorar

Eksterne sensorar vert i utgangspunktet løna med lønssteg 66. Dei som har høgare lønssteg enn dette kan levere dokumentasjon (lønsslipp) og få løn deretter, men likevel ikkje høgare enn lønssteg 76.

Løna vert rekna ut som vanleg timeløn frå C-tabell bruttoløn 37,5 timar pr. veke.

Dersom ein nyttar karakterskalaen «greidd/ikkje greidd» i kombinasjon med ei vurderingsordning med fast definert timesats (sjå under), vert det berre betalt godtgjersle for halvparten av den utrekna tida.

Så lenge det ikkje står noko anna vert det gjeve eit grunnhonorar på tre timar pr. sensoroppdrag/-oppnemning uavhengig av talet på kandidatar. Dette honoraret dekkjer sensor sitt arbeid med førebuingar som til dømes oppgåvekonsulent og etterarbeid som til dømes samsensur og grunngevingar. I særskilde tilfelle kan grunnhonoraret vere meir enn tre timar. Dette skal i så fall vere avklart på førehand.

Utrekning av tid

Utrekning av tid ved bruk av vurderingsformer som ikkje er omtala her, vert gjort ut i frå den tida som faktisk er nytta på eksamensstaden i tillegg til grunnhonorar.

Skriftleg eksamen

- | | |
|------------------------|-------------------|
| • 2 timar eller mindre | 0,4 time pr. svar |
| • 3 eller 4 timar | 0,6 time pr. svar |
| • 5 timar | 0,8 time pr. svar |
| • 6 timar | 1,0 time pr. svar |

Heimeeksamen

- | | |
|-----------------------|------------------|
| • Til og med 3500 ord | 1 time pr. svar |
| • 3501 til 8000 ord | 2 timar pr. svar |
| • Meir enn 8000 ord | 3 timar pr. svar |

Master- og bacheloroppgåver

Sensoroppdrag i samband med master- og bacheloroppgåver får ikkje grunnhonorar. Her omfattar dei følgjande satsane både førearbeid og etterarbeid, men eventuell munnleg høyring som er ein del av karakterfastsettinga vert godtgjort ut i frå nytta tid på eksamensstaden. Dersom det er naudsynt med særskilde førebuingar av den munnlege høyringa, vert dette også godtgjort ut i frå nytta tid.

- Bacheloroppgåver 3 timar pr. oppgåve

I særlege tilfelle kan fakultetet avgjere at det skal nyttast ein høgare sats, men ikkje høgare enn 6 timar pr. oppgåve.

- Masteroppgåver t.o.m. 30 studiepoeng 10 timar pr. oppgåve
- Masteroppgåver t.o.m. 45 studiepoeng 11 timar pr. oppgåve
- Masteroppgåver t.o.m. 60 studiepoeng 12 timar pr. oppgåve

Andre skriftlege oppgåver (ikkje mappevurdering)

- Til og med 5 studiepoeng 1 time pr. oppgåve
- Til og med 10 studiepoeng 2 timar pr. oppgåve
- Til og med 15 studiepoeng 3 timar pr. oppgåve
- Til og med 20 studiepoeng 4 timar pr. oppgåve
- Til og med 25 studiepoeng 5 timar pr. oppgåve
- Til og med 30 studiepoeng 6 timar pr. oppgåve
- Til og med 45 studiepoeng 7 timar pr. oppgåve
- Til og med 60 studiepoeng 8 timar pr. oppgåve

Klagesensur

Grunnhonoraret for klagesensur er fire timar. Elles gjeld dei vanleg satsane for den aktuelle vurderingsforma.

Godkjend av prorektor for utdanning 8. august 2018 – sak 18/06264